

## Melding om kontraktstildeling i konkurranse med forhandlingar på kontrakt HFK-16-0093 Reiselivskonsulentar til prosjekt Kystpilgrimsleia

Vi takker for dykkar tilbod i den ovannemnde konkurransen.

Etter evaluering av tilboda har vi gleder av å informere om at kontrakten skal tildelast NCE Tourism Fjord Norway (NCE).

Vi vil i det følgjande grunngje valet av leverandør i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) § 13-3 første og andre ledd jf. § 11-14 første ledd.

Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande tildelingskriterium:

Nr	Tildelingskriterium	Vekt
1	Pris	20 %
2	Løysing av oppdraget	40 %
3	Kompetanse	40 %

NCE har etter vår evaluering gitt det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på desse kriteria.

### Evaluering og resultat:

Totalt kom det inn tre tilbod. Alle tilbydarane var kvalifisert for deltaking i konkurransen. Den etterfølgjande evalueringa har vore utfordrande ettersom det er levert svært gode tilbod. Alle tilboda er evaluerte med poeng på tildelingskriteria, der 6 er høgast og 0 er lågast. Den beste leverandøren på kvart underkriterium får score 6.

Hordaland fylkeskommune kome til følgjande endeleg resultat etter at forhandlingane var avslutta og reviderte tilbod levert:

Oppsummering evalueringsarbeid			NCE		Tilbydar 2		Tilbydar 3	
	Vekting	Vektet innefor ramme	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng
Evalueringselementer	Pris	20 %	4,07	0,81	6,00	1,20	5,16	1,03
	Løysing av oppdraget	40 %	6,00	2,40	4,30	1,72	5,30	2,12
	Kompetanse	40 %	5,60	2,24	3,90	1,56	5,40	2,16
		100 %						
Total score			5,45		4,48		5,31	
Rangering			1		3		2	

Evalueringa av dei ulike tildelingskriteria er basert på følgjande parametarar:

#### Tildelingskriterium 1 Pris

Pris er vurdert ut frå fastpris på prosjektet og timespris på andre aktivitetar som ligg utanfor sjølve arbeidsomfanget i prosjektet i Vedlegg C. Timesprisen er multiplisert med 100 i tråd med det som er oppgjeve i konkurransedokumenta.

#### Tildelingskriterium 2 Løysing av oppdraget

Under løysingsforslag er metode / arbeid med hovudaktivitetar og framdrift evaluert. Dette er nærare skildra i konkurransegrunnlagets punkt 4, jf. Vedlegg A.

### *Tildelingskriterium 3 Kompetanse*

Kompetanse er også vurdert på bakgrunn i kompetansa til hovudressurs og kompetanse andre resursar. Dette er nærare skildra i konkurransegrunnlagets punkt 4, jf. Vedlegg A punkt 3.

#### **Nærare grunngjeving:**

Hordaland fylkeskommune vil i det følgjande grunngje tildelinga.

#### Om dykkar tilbod

##### *Generelt*

NCE har etter Hordaland fylkeskommune si vurdering samla gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet i konkurransen. NCE har sær god forståing av oppdraget og naudsynt kompetanse og erfaring innanfor det som er kontraktens gjenstand, og har elles vist god forståing av oppdragsgjevar sitt behov.

##### *Tildelingskriterium 1 Pris*

NCE har samla gjeve dei høgaste prisane i konkurransen. NCE har høgast fastpris, men lågast timespris. I samband med evalueringa har Hordaland fylkeskommune lagt til NOK 200.000 som representerer dykkar atterhald.

NCE får score 4,1 på tildelingskriterium Pris.

##### *Tildelingskriterium 2 Løysing av oppdraget*

Når det gjeld NCE si skildring av metode / arbeid med hovudaktivitetar er denne svært god. NCE visar ein sær god forståing av prosjektet, og dei ulike hovudaktivitetane. NCE har i tilbodet skildra kvar hovudaktivitet sjølvstendig og på ein god måte. Særleg vil vi trekke fram følgjande moment frå NCE si skildring av hovudaktivitetar:

- HA 3: Viktig fokus på aktivisering av nausteigarar som eit element i prosjektplanen.
- HA 4: Viktig fokus på etappane og stadane sin eigenart og identitet. I samlingar for produktutvikling, er NCE einaste leverandør som peiker på å invitere Economusee, og leverandørar av naturbaserte opplevingar som kajakk, sykkel, båt-transport (skyss-båt, robåt evt. RIB), øvrig transport, bil, buss, hest etc. og gjestehamnar. Dei er også einaste leverandør som foreslår sertifisering av guidar, og digitalt system for sjølvguiding
- HA 6: NCE ønskjer å skape ei autentisk og unik reiseoppleving gjennom eit utval av verdiar, historie, kultur og identitet i kvar region (etappe), og vil bruke dette til å bygge berebjelkar for kystpilegrimskonseptet. NCE er einaste leverandør som ser koplinga mellom vikinghistoria og pilegrimstradisjon og - historie og mogelegheit for å kombinere desse to i ein unik reiserute.
- HA 7: NCE har gjennom Fjordnorge direkte tilgang til ei rekke salskanalar og system for Vestlandet som reisemål.

På dei andre hovudaktivitetane har NCE og dei andre leverandørane tilsvarande god skildring.

NCE har kunnskapar om prosjektet og ressursar til å "skreddersy" tilbodet til dei utfordringar prosjektet no står ovanfor. NCE er spesialistar på produktutvikling og innovasjon innanfor det geografiske området prosjektet operer i.

Når det gjeld framdrift har NCE levert ein truverdig plan som sikrar leveranse innan eit år. Likevel er ikkje framdriftsplanen unik i forhold til andre leverandørar.

Samla får NCE score 6 på tildelingskriterium «Løysing av oppdraget».

### *Tildelingskriterium 3 Kompetanse*

Når det gjeld kompetanse hovudressurs er NCE sin kandidat vurdert som god. Kandidaten kan vise til god og brei erfaring frå reiseliv, og prosjektarbeid. Kandidaten kan vise til ein rekke prosjekt av tilsvarande kompleksitet, og visar stor forståing av prosjektet sitt behov og omfang.

Når det gjeld kompetanse andre resursar tilbyr NCE eit svært godt team. I tillegg til hovudressursen tilbyr NCE 4 aktive prosjektmedarbeidarar, samt ei faggruppe bestående av 5 personar med fagkompetanse på kloster- og pilgrimsspørsmål. Dei tilbydde ressursar har alle god erfaring frå reiseliv, og har generelt god erfaring med prosjektarbeid på tilsvarande prosjekt.

Samla får NCE score 5,6 på tildelingskriterium «Kompetanse».

### **Atterhaldet**

NCE har eit atterhald om at «*Oppdragsgjevar pålegg leverandør dekking av reisekostnader etter statens satsarfor inntil kr. 200.000 utover kontraktspris*».

Hordaland fylkeskommune har akseptert dette atterhaldet, og vil justere kontrakten tilsvarande.

Vi vil likevel gjere dykk merksame på at atterhaldet er, slik de sjølv har definert det, avgrensa til NOK 200.000. Det betyr at dersom det er naudsynt med reisar utover NOK 200.000 i kontraktsperioden, vil slike kostandar måtte dekkast av NCE.

Det vert gjort merksam på at oppdragsgjevar tidlegast kan inngå kontrakt etter ein karenperiode. Frist for å setje fram eventuelle innvendingar mot avgjerda er difor satt til torsdag den 29. juli 2016 klokken 12:00. Eventuelle innvendingar må sendast pr. e-post til [gisle.hauge@hfk.no](mailto:gisle.hauge@hfk.no) og med kopi til [Marte.Hustveit.Hauge@hfk.no](mailto:Marte.Hustveit.Hauge@hfk.no).

Vi vil nok ein gong gratulere dykk med denne tildelinga. Som nemnd i forhandlingane vil første viktige møte finne stad den 28. august 2016. Eva Moberg i Sogn- og fjordane fylkeskommune vil ta kontakt med dykk snarleg der detaljar rundt dette møte, samt detaljar rundt oppstartsmøte vil formidlast. Kontrakten vil vi sende i posten så snart karenperioden er gått ut.